



Dei vann quiz-en på Dønhaug i jula - stillar dei opp også i Helgheim? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det blir nok ei god påske i Uskedalen også dette året. Også hjernevinningane vil bli trimma, for Aktivitetshusets Damevenner lokkar med påske-quiz om kvelden palmelaurdag. Og quizen skal ikkje gå føre seg i Aktivitetshuset, men i Helgheim!

Anita Enes (anita.enes@knett.no) tek imot påmeldingar. Ho opplyser at det ikkje er nokon bestemt påmeldingsfrist, men at dei ynskjer at så mange som mogeleg melder på laga sine på førehand.

Kvart lag kan stilla opp med maksimalt 6 deltakarar. Nedre aldersgrense er 18 år og det er ingen øvre aldersgrense.

Prisen pr. person er 50 kroner og det er sal av øl og vin.

Og så får vi sjå om quiz-feberer framleis er like høg som den var i Dønhauglåven i jula!